

## Gummi-Tarzan

Gummi-Tarzan heit eigentleg Ivan Olsen.

Ivan blei erta mykje. Ein dag møtte han ei heks.

Ivan Olsen sat i graset ved ei elv. Han øvde på å plystre.

Ei rar gammel kone gjekk forbi. Ho hadde ei kråke i håret.

«God dag,» sa ho.

«God dag,» sa Ivan.

«Er du ikkje redd for meg?» sa den gamle kona.

«Neeei,» sa Ivan. «Eg er berre redd for å bli erta.»

«Det var rart. Eg er ei heks,»

sa den gamle kona.

«Oi! Eg har aldri møtt ei heks før.

Pappa seier det ikkje finst hekser,»

sa Ivan.

«Pappaen din er ein tulling,» sa den

gamle kona.

«Han er sint på meg. Eg er ikkje så flink

på skolen og i fotball,» sa Ivan.

«Pappaen din er ein tulling! Du skal få

ønskje deg noko,» sa den gamle kona.

«Oi oi, i dag er eg heldig,» sa Ivan.

«Men, du må ønskje deg noko viktig.

Gå heim og tenk. Vi møtest her

i morgon.»

Og så gjekk Ivan heim og tenkte.

### Oppgåver:

Sjå Arbeidsboka side 83.

Gjer oppgåvene 1, 2, 3, 5 og 6.

